

Vedtekter for Austevoll ungdomsråd

Revidert 23.09.2021, kommunestyresak 090/21. Revidert 24.02.2022, kommunestyresak 012/22.

Innholdsoversikt

§ 1 Mandat, føremål og oppgaver

§ 2 Valperiode og samansetjing

§ 3 Kontaktperson

§ 4 Møte

§ 5 Val og opplæring

§ 6 Endringar i vedtektene

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Austevoll ungdomsråd

Austevoll ungdomsråd eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i kommunen. Ungdomsrådet er opprette i tråd med kommuneloven § 5-2.

1.2 Føremål

Ungdomsrådet er eit rådgjevande medverknadsorgan som skal sikra barn og unge rett til å påverka politiske prosessar og delta i samfunnsdebatten. Barn og unge skal oppleve seg som medborgarar med ansvar og med rett til å påverka saker i kommunen som dei opplever som viktige. Aktiv deltaking i samfunnsspørsmål bidreg til positiv identitet og gir erfaring som fortel oss at det nyttar å delta i utviklinga av lokaldemokratiet. Vaksne vil på denne måten oppleve ungdommen som viktige og kompetente. Ungdomsrådet si forskrift er forankra i FN sin barnekonvensjon artikkel 3 og 12 som seier at offentleg mynde alltid skal sjå til kva som er best for barna, og at barna har rett til å bli høyrte.

1.3 Austevoll ungdomsråd sine oppgåver

- Vere eit rådgjevande organ for kommunen i saker som vedkjem unge.
- Vere orientert om saker som blir handsama i kommunestyret.
- Drøfte barn og unge sine interesser i kommunen.
- Skape identitet til eigen kommune.
- Styrka samfunnsmessig engasjement blant barn og unge.
- Skapa møteplassar der ungdom i kommunen får uttale seg om saker.
- Etablere ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem barn og unge.
- Ungdomsrådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal vedtakast av kommunestyret, jf. forskrift om medvirkningsordningar § 2 femte ledd.
- Ungdomsråd skal ikkje behandla saker der deler av saksmaterialet er verna av teieplikt eller gjeld enkeltpersonar, jf. forskrift om medvirkningsordningar § 2 fjerde ledd.
- Ungdomsrådet kan velje personar til arbeidsgrupper for arrangement og andre aktivitetar for ungdom. Her må minst ein representant frå ungdomsrådet vere med.

1.4 Austevoll ungdomsråd sin møte- og talerett i folkevalde organ

Når saker som ungdomsrådet har uttalt seg om kjem til avgjerd i kommunestyret eller til organ med delegert avgjerdsrett, kan ein representant for ungdomsrådet få ordet for å presisere standpunkt eller klare opp i mistydingar.

§ 2 Valperiode og samansetjing

2.1 Valperiode

Ungdomsrådet vert vald for ein periode på inntil to år, jf. kommuneloven 5-12 tredje ledd.

2.2 Samansetjing

- Medlemmane i ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år, jf. kommuneloven 5-12 tredje ledd.
- Talet på representantar i rådet skal vere partal, leiar har to dobbeltstemme ved røystelikskap.
- Austevoll ungdomsråd skal ha seks eller åtte medlemmer, derav minst fire frå ungdomskulesteget.

2.3 Talerett

- Leiar eller utpeika representant frå ungdomsrådet kan få talerett i formannskap og kommunestyre, jf. forskrift om medvirkningsordningar § 2 sjette ledd.
- Ordføraren, har møte-, tale- og forslagsrett i møta til ungdomsrådet, jf. kommuneloven 6-1 tredje ledd.
- Rådmannen og kontaktpersonen til ungdomsrådet har møte- og talerett i møta til ungdomsrådet, jf. kommuneloven 13-1 femte ledd.

§ 3 Kontaktperson

3.1 Funksjonstid

Kontaktpersonen frå kommunestyret vert utpeika av kommunestyret for valperioden til kommunestyret.

3.2 Kontaktpersonen sine oppgåver

- Hjelpje ungdomsrådet med å etablera naudsynt kontakt med folkevalde organ og andre organ.
- Sikre at ungdomsrådet mottar saker som gjeld barn og unge på eit så tidleg tidspunkt at ungdomsrådet får uttale seg uttale seg før endeleg vedtak i saka.
- Sikre at fråsegn frå ungdomsrådet blir lagt ved saka og er tilgjengeleg for det folkevalde organet som gjer endeleg vedtak i saka.
- Sikre at saker som ungdomsråda tek opp på eige initiativ blir ført vidare til rådmannen, eventuelt leiar for relevant folkevald organ.
- Hjelpje til ved val.
- Samarbeida med administrasjonen om praktisk tilrettelegging og sekretærfunksjonar.
- Har ansvar for opplæring og kontinuitet i ungdomsrådet.

§ 4 Møte

4.1 Møteverksemd

- Ungdomsrådet skal ha minimum to møte per år.
- Ungdomsrådet kan etter avtale nytte Austevoll kommune sine lokale til møte.
- Ungdomsrådet kan invitere folkevalde og tilsette i kommune til møta sine for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

4.2 Møteprotokoll

Det skal førast møteprotokoll for ungdomsrådet sine møte.

4.3 Møteplan

Ungdomsrådet skal setja opp sin eigen møteplan for kvart halvår.

§ 5 Val og opplæring

5.1 Val av ungdomsråd, leiar og nestleiar

- Før val av ungdomsråd skal rådmannen informere om og leggje til rette for at skuleelevar og andre unge i kommunen kan sende inn søknad/nominasjon til kommunen om kunne veljast inn i ungdomsrådet. Desse søknadane/nominasjonane skal leggjast føre valnemnda og kommunestyret.
- Ungdomsråd blir vald ved at valnemnda fremjar tilråding til kommunestyret.
- Kommunestyret skal sjølv velje medlemmar og varamedlemmar til ungdomsråd, jf. kommuneloven 5-12 første ledd.
- Ungdomsrådet vel sjølv sin leiar og nestleiar blant medlemmene, jf. forskrift om medvirkningsordninger § 3 tredje ledd.

5.2 Opplæring

Straks kommunestyret sjølv har valt ungdomsråd og ungdomsrådet sjølv har valt leiar og nestleiar skal kontaktpersonen sikre at ungdomsrådet får opplæring i:

- demokratiske prinsipp og prosessar
- ungdomsrådet si rolle og oppgåver

§ 6 Endringar i vedtektene

Vedtektene kan endrast av ungdomsrådet med minst 2/3 fleirtal. Slike endringar er gyldige frå det tidspunkt dei er godkjent av kommunestyret.